

**Fra:** Petter Lem Gullestad (Petter.Lem.Gullestad@hfk.no)

**Sendt:** 13.09.2018 12:35:48

**Til:** 'Lars Kvamme'

**Kopi:**

**Emne:** Svar på krav om innsyn

**Vedlegg:** 1.pdf;2.pdf;3.pdf;4.pdf;5.pdf;6.pdf;7.pdf;8.pdf;9.pdf;10.pdf;11.pdf;12.pdf;13.pdf

Hei,

Viser til dykker krav om innsyn datert 6. september 2018 samt e-post datert 7. september.

1. Bergens Tidende ber med dette om innsyn i all korrespondanse mellom Hordaland fylkeskommune og Arne Laastad fra månedene mai, juni, juli og august, 2018.

**Svar:** Krav om innsyn er innvilga. Sjå vedlegg 2-10 og vedlegg 12-13.

2. Jeg ber også om innsyn i all kommunikasjon mellom Hordaland fylkeskommune og Kluge advokatkontor i forbindelse med konkursboet etter Bergen 2017 AS fra de samme månedene.

**Svar:** Innsyn vert innvilga for notat datert 11. mai 2018 frå Kluge Advokatfirma AS til Hordaland fylkeskommune. Sjå vedlegg 1. Til orientering var notatet del av saksunderlaget for fylkestinget i deira møte 12.06.2018.

Hordaland fylkeskommune har også motteke eit notat datert 22. august 2018 frå Kluge Advokatfirma AS, journalpostnr. 2014/1636-48. Det går fram av offentleglova § 15 andre ledd:

*«Det kan vidare gjerast unntak for delar av dokument som inneholder råd om og vurderingar av korleis eit organ bør stille seg i ei sak, og som organet har innhenta til bruk for den interne saksførebuinga si, når det er påkravd av omsyn til ei forsvarleg ivaretaking av det offentlege sine interesser i saka.»*

Dokumentet inneholder råd og vurderingar knytt til Hordaland fylkeskommune si rettsposisjon ovanfor konkursbuet til Bergen 2017 AS. Det er påkravd å unnta dokumentet frå offentleggjering for å ivareta Hordaland fylkeskommune sine interesser i saka. Dokumentet vert derfor å unnta med heimel i offentleglova § 15 andre ledd.

Når det er høve til å gjera unntak frå innsyn, skal organet likevel vurdere å gi heilt eller delvis innsyn. Organet bør gi innsyn dersom omsynet til offentleg innsyn veg tyngre enn behovet for unntak, jf. offentleglova § 11. Meirinnsyn etter § 11 er vurdert, men dokumentet vert fortsatt å unnta då det er eit reelt og sakleg behov for å nekte innsyn av omsyn til å sikre ei forsvarleg ivaretaking av Hordaland fylkeskommune sine interesser i saka.

Dokumentet vert unntaket offentleggjering i si heilhet jf. offentleglova § 12 bokstav c, då dei unntakte opplysningane utgjer den vesentlegaste delen av dokumentet.

**Vedtak:**

**Krav om innsyn i dokument 2014/1636-48 vert avslått med heimel i offentleglova § 15 andre ledd, jf. §**

## **12 bokstav c.**

Dette vedtaket kan klagast på, jf. offentleglova §§ 31 og 32. Fristen for å klage er 3 veker etter at ein fekk melding om vedtaket. Klageinstans er Fylkesmannen i Hordaland. Klagen skal sendast til Hordaland fylkeskommune, ved Fylkessekretariatet.

3. Jeg ber samtidig om innsyn i en juridisk betenkning som skal være overlevert til Ingrid Holm Svendsen på et møte 14. august i forbindelse med spørsmålet om motregningsrett.

**Svar:** Krav om innsyn er innvilga. Sjå vedlegg 11.

4. I tillegg til innsynsbegjæringen sendt i går, ber vi med dette om innsyn i alle utgifter Hordaland fylkeskommune har hatt til eksterne advokater relatert til Bergen 2017/boet etter Bergen 2017.

**Svar:** Rekningene fra Kluge Advokatfirma AS summerer seg til kr. 308 741,25.

Hordaland fylkeskommune sin kostnad, medrekna mva-kompensasjon, vert då kr 246 993.

Sjå for øvrig lenke side 272-276 (meldingssak for fylkesutvalet 19.9.2018)

<http://einnsyn.hfk.no/eInnsyn/Dmb>ShowDmbDocument?mId=817&documentTypeId=MI>

Helsing

### **Petter Lem Gullestad**

Økonomi- og organisasjonsavdelinga  
Kommunikasjonsseksjonen | Fylkessekretariatet  
**HORDALAND FYLKESKOMMUNE**

Tlf: 926 19 434

[petter.lem.gullestad@hfk.no](mailto:petter.lem.gullestad@hfk.no)